

Trafoen på 42 tonn vart løfta ut av Sekundæren.

26.04.2018



Det var eit tungt løft då den gamle trafoen frå 1971 på 42 tonn vart løfta ut av Sekundærstasjonen i Uskedalen. Bilete syner at det er stor byggeaktivitet med betongarbeid, muring, ny kledning og monteringsarbeid.

Eit løft på 42 tonn er heller sjeldan hending i Uskedalen. Det vart gjort i går i 12 - 13 tida då Haugaland Kraft løfta ut trafoen frå 1971 i Sekundærstasjonen på Nedre Fet. Transportøren Royal transport frå Bergen var på plassen med kranbil, to semitrailarar og mannskap. Operasjonen tok knappe tre timar og trafikken på Fylkesvegen vart manuelt dirigert i den tida arbeidet pågjekk.

Informasjonsdirektør i Haugaland Kraft, Gunn Margareth Lassesen, fortel til Uskedalen.no at arbeidet gjekk etter oppsett plan. Trafoen på 42 tonn og med ei yteevne på 20 MW (megawatt) er alt på plass på Fitjar der den skal brukast som reserve i Årskog Sekundærstasjon. Trafoen, den andre som vart installert i Uskedalen, har ein restverdi på to år. Den fyrste trafoen i Uskedalen vart montert då 66 kV lina stod ferdig i 1952.

Ny trafo skal vera på plass og montert før sommarferien. Den nye trafoen vil ha ei langt større yteevne, heile 30 MW. Hugs at 1 megawatt er det same som 1000 kilowatt. Sjølve stasjonen vert utvida og gjort klar for å ta imot den nye trafoen.

Arbeidet med Sekundærstasjonen er ein del av eit større renoveringsarbeid Haugaland Kraft gjer i Uskedalen for tida. Fase to med lineskifte tek til i desse dagar og skal vera ferdig tidleg på hausten.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Anne Marie Eik/ Kristian Bringedal



Royal Transport sin kranfører på plass i den store kranbilen. Oppdraget i Uskedalen var for han ein rutinejobb som gjekk nøyaktig etter oppsett plan.